

4. mai

NR. 4 1987

DETTE NUMMERET:

VI GÅR

10 ÅR MED NAKKESKOT
OU VALDSBRUK

ER NOK! sjå side 27



LENIN ER ABSOLUTT

TIDSMESSIG -

seier K. Strand

sjå side 2

NKS: VÅPEN
TIL IRA!

DEBATT

Hallo,
Kalle!



INNHALD

Redaksjonelt stoff:

Staten og revolusjonen side 2
Undersøking om internasjonalt
arbeid side 9
Vedtak om 4. mai. side 8
Fråsegn frå sentralstyret side 7

Ordsките:

ML rørsle idag-ein kritikk
av Anton side 14
Har AKP(ml) skifta løp ?
av Anne Lise side 11
Halloo Kalle.... av Line side 13

Om årsmøtet i Oslo NKS: Kommentar side 17
Vedtak frå årsmøtet side 18

Utmeldingar frå Oslo NKS: Utmeldingsbrev m.v. side 27
Kommentar frå leiareren side 29
Vedtak frå sentralstyret side 33

IRA

ALARM

AKSJON VÅPEN TIL IRA

Sentralstyret har vedtatt at halvparten av pengane frå sommarleirinnsamlinga skal gå til den irske republikanske frigjeringsrørsla IRA.

Redaktøren vil minne dei trufaste lesarane av 4. mai om at avisa VG hadde eit oppslag 20. august om at tryggingspolitiet og forsvaret hadde mistanke om eit IRA kupp i Noreg med tanke på å stele våpen. Vi kan altså trygt rekne med at tryggingspolitiet vil følgje godt med i det VI gjer framover.....

STUDER STATEN OG REVOLUSJONEN !

- "Iran-Contras-skandalen er heilt spesiell for USA"
- "Noko slikt kunne aldri skjedd hos oss"
- "Dette er eit unntak frå dei borgarleg-parlamentariske republikkane"

Slike utsegn i kjølvatnet av kongresshøyringane av Ollie North m.fl. tyder på svære illusjonar om den kapitalistiske staten i vår tid.

Er eit finmaska og svulmande byråkrati og militærapparat
- som fungerer lausreve frå alle valde instansar
- som mest lever sitt eige liv
- som tek avgjerder i dei mest vitale spørsmåla
er det unntaket ? Eller er det tvert om typisk for den borgarlege staten av idag ?

Lenin skriv i august 1917: "Sjå på kva parlamentarisk land som helst, frå Amerika til Sveits, frå Frankrike til Storbritannia, Noreg osv. - i desse landa vert dei verkelege "stats"-sakene avgjorde bak scena og utførde av departementa, ministeria og generalstabane." (Staten og revolusjonen, s.61)

Det er synd å seie, men denne passasjen hos Lenin kunne passa mykje betre som redaksjonell kommentar til Iran-Contras-skandalen enn det pisset vi vert serverte i media:

- Kva visste Reagan eigentleg ?
- Er Ollie North aktuell presidentkandidat ?
- Ville eit "mini-CIA" utgjere eit fascistisk trugsmål ? osv. osv.

Lenin av 1917 er høgst aktuell lesing 70 år etter. "Staten og revolusjonen" er ei perle i den marxistiske litteraturen. Det er den lettast tilgjengelege boka til Lenin, som ellers har til vane å referera til lokale russiske politikarar på si eiga tid. Her refererar han for det meste til Marx, Engels og meir kjende opportunistar som Proudhon, Kautsky, Plekhanov osv.

Lenin presenterar og analyserar tildels svære avsnitt hos Marx og Engels om staten og dei revolusjonære erfaringane, framfor alt frå Paris-kommunen 1871. Difor er denne boka ei reise inn i kjerna av heile den marxist-leninistiske teoriproduksjonen: "Manifestet", "Kritikken av Gotha-programmet", "Borgarkrigen i Frankrike", "Opphavet til staten, familien og privateigedomen" osv.

Det var naudsynt for Lenin å gå attende til verka frå 1870-talet, avdi opportunistane og anarkistane anno 1917 hadde kasta vrak på dei viktigaste erfaringane til proletariatet:

1. At den borgarlege staten ikkje kan takast over og reformerast til gagn for arbeidarklassen og folket, men at den må brytast sund gjennom ein revolusjon.
2. At proletariatet trenger ei eiga statsmaskin for å undertrykkje borgarskapet og samla det arbeidande folket kring seg i perioden mellom kapitalisme og kommunisme.
3. Nettopp denne statsmaskina er ikkje lenger ein stat i eigentleg meining, men tek til å visna bort i takt med at klasseskilla forsvinn.

Lenin forsvarar desse marxistiske teoriane, og utdjupar dei over 130 sider, fordelt på 6 kapittel. Mykje av teksten er vigd det sosialistiske samfunnet. Ja, kanskje heile boka fortener nemninga "klassikaren" i teoriar om sosialisme ! Lenin skriv om emne som

- klasseinnhaldet i den sosialistiske staten
- tilhøva mellom representative organ, tenestemenn og vitskapleg utdanna fagfolk
- om rolla til byråkratiet
- om organisering og arbeidsdeling
- om sentralisme vs. føderalisme
- om bruken av autoritet, makt og vald
- om moglegheita for fredeleg utvikling
- om lokalt sjølvstyre
- om demokratiet
- om fordelinga ("til kvar etter arbeid")

Dette er emne som stod svært sentralt i diskusjonane kring siste landsmøte til AKP, i tilknytning til kapittel 5 i prinsipp-programmet. Men berre få av debattantane nytta Lenin i diskusjonane. Blant dei var Kjersti Ericsson. I ein artikkel tek ho utgangspunkt i "Staten og revolusjonen", og samanliknar den med praksisen til det unge Sovjet-samfunnet.

Ho finn fleire openberre motsetnader:

1. Dei administrative statsfunksjonane var ikkje blitt så enkle at kvart einaste skriveført menneske lett kunne utføra dei. Det var naudsynt med eit byråkrati.
2. Lenin nemner ikkje partiet si rolle. Eit sterkt parti som spelar den leiande rolla er uomgjengeleg naudsynt under sosialismen.

(Artikkelen til Ericsson kan du finne i Raude Fane nr.4-82, under tittelen "Den vanskelege sosialismen", s.12-17,s.47)

Merknadene til Ericsson er interessante. Særleg den første merkningen bør diskuteras grundig i laga, avdi det har å gjera med dei konkrete tilhøva vi lever under idag: Kan statsfunksjonane av idag reduserast til overmåte enkelt arbeid, jamført med dei gjennomsnittlege kvalifikasjonane hos det arbeidande folket i Noreg ? (NB. Naudsynte vitenskaplege kvalifikasjonar skulle etter Lenin haldast utanfor denne problemstillinga.)

Sjølvs har eg også kritiske merknader til Lenin. Han meiner til dømes at posttenesta under kapitalismen kan tene som modell for sosialistisk økonomisk organisasjon: "Det umiddelbare målet vårt er å organisera heile økonomien etter linene til posttenesta." (s.66) Her trur eg Lenin undervurderar verknadene av den oppsplitta spesialiseringa innafor kvar arbeidsoperasjon. I organisasjonslæra går slike modeller under nemninga "tayloristiske" eller "mekaniske". Eg trur slike modellar har eit spontant tildriv i retning av byråkrati og framandgjering. .

Vidare er Lenin svak på spørsmålet om arbeidsdelingane under sosialismen. Han tek for seg arbeidsdelinga mellom ånd og hånd, og den mellom administrasjon og produksjon. Men han utelet kjønnsarbeidsdelinga og delinga mellom by og land. Han seier ikkje uttrykkeleg at det må vera ei medveten politisk oppgåve i heile den sosialistiske fasen å bryta ned alle desse arbeidsdelingane. Dessutan tykkjer eg han knyttar desse oppgåvene for einsidig til utviklinga av produktivkreftene. På dette feltet var Mao mykje klårare.

I ettertid verkar det også som Lenin undervurdera klassekampen under sosialismen, når han skreiv at samskipnaden av det væpna folket var tilstrekkeleg for å undertrykkja utbyttarane. (s.111)

Dette er kanhende viktige, men likevel underordna merknader til eit verk som glitrar i høve til standpunkt, analyse og klårleik. Og eg vil hevda: Boka er meir aktuell i 1987 enn i 1917, avdi tilhøva no gjer vyane til Lenin heilt annleis realistiske.

Studia av "Staten og revolusjonen" i NKS er ei oppfølging av landsmøte-vedtaka om Strategisk plan. Under "Organisasjonsbygging", pkt.2.4: Grunnleggjande studie i marxismen-leninismen, er staten si rolle eit av fem strekpunkt. Vidare er dette ein start på sosialisme-diskusjonen, nemnd i pkt.2.5.3.

Studia skal gjennomførast i form av to obligatoriske lagsmøte denne hausten. Framlegg til debatt-spørsmål kjem seinare. Men du kan jo tjuvstarta med lesinga allerede no !

(Lenin: "Staten og revolusjonen", band 8 i Lenin-serien, forlaget Oktober, Oslo 1977.)

Nestleiar.



Stor konkurranse: Kven av figurane på
illustrasjonen er Møri Skårle?
Og kven er Erik Brøtland?

INTERN FRÅSEGN FRÅ SENTRALSTYRET I NKS

Kamerat Otto hadde framfor og på lândsmøtet opent lagt fram politisk kritikk av linjer som står i ulike delar av mlrørsla.

Under prosessen fram mot val av nytt sentralstyre, vart Otto trekt fram i landsmøteplenum, overlessa med spørsmål, og ikkje på noko vis gitt tid til å svara for seg.

Sentralstyret meiner at dette er ei uhaldbar handling av kameratar som reiser viktige politiske kritikkar, og vil gjera sitt til at framtidige landsmøte/ årsmøte ikkje taklar slike saker på denne ukameratslege og kritikkverdige måten.

Med dette vil sentralstyret gi Otto si uforbeholdne orsaking.

Sentralstyret ser dette vedtaket som ei oppfølging av den protokollmerknaden med om lag same innhaldet som størstedelen av landsmøtelyden skreiv under på.

Fråsegna vart samrøystes vedteke.

4.mai - ka farsken?

1. Slik 4. mai no fungerer er det verken ein god'reiskap for debattlystne medlemmar eller ein god informasjonsspreiingskanal for sentralstyret eller eit interessant blad å lese. Hovudfeila ved bladet er dels tekniske dels politiske. Det tekniske er knytta til elendig bladbunad og dårleg trykk. Det politiske er knytta til at den vesle debatten som er, er debattar som er retta inn mot problem i organisasjonen. Slik sett fungerer 4. mai ikkje som ei mobiliserande kraft i høve til øksterne oppgåver, og heller ikkje som eit blad som bringer analyser og diskusjonar kring viktige politiske diskusjonar. (T.d utviklinga innanfor hegare utdanning, reynslar frå solidaritetsarbeid, stoda i Nicaragua o.l.) 4. mai slik det no er, er altså slett ikkje det bladet organisasjonen treng. Dersom ikkje endringar skjer må vi for alvor diskutere om vi treng bladet.
2. Utgangspunktet for den vidare diskusjonen kring 4. mai må vera at NKS treng eit internt medlemsblad, men vi treng ikkje opphopingar av dårleg organisert trykksverte. Vidare treng vi eit organ for å føre diskusjonar i ,spreie informasjonar gjennom m.m. I tida framover trengst det såleis ei kraftig opptrapping av 4.mai arbeidet.
3. Følgjande må gjerast:
 - Monopolisering av 4. mai arbeidet sentralt må unngåast slik at bladet kan sjå ut som om det er meininga at medlemmane skal lese det.
 - Enkle bladbunadsreglar skal følgjast. Dette vil seie at sidene kan rammast inn, at linjeavstanden ikkje er for liten, at folk må skrive innlegga sine på ein maskin som svertar godt nok, at innlegg/innhald kan illustrerast o.s.b.
 - Prentinga av bladet må skje på ein slik måte at sidene blir tydelige-ikkje heil eller halvsvarte.
 - Tiltak for å bringe politikken i NKS laga inn i bladet. Vedtak som er eigna for det skal inn, folk som held innleiarar i lag, DS og sentralstyre skal bedast om å skrive dei om til artikkel/artiklar, folk som har særskilte oppgåver i frontar/utanfor NKS skal bedast særskilt om å oppsommere arbeidet sitt (dei problema dei står overfor, dei linjekampane dei tar del i o.s.b) Vidare må det takast særskilte tiltak for å få inn stoff knytta til dei områda som NKS prioriterer å studere.
 - Det må lagast tidsfristar for 4. mai som skal haldast anten bladet blir 8 eller 124 sider.Parola må vera: Gjer 4. mai til heile organisasjonen sitt blad gjennom å eliminere dei dårlege sidene som skil medlemmane frå bladet !!!

Tilleggspoeng: Plan for innhaldet i 4. mai framover. Samkjeriing med tema for obligatoriske lagsmøte, innhald på forbundsskolen, førebuingar til viktige landsmøte i interesseorganisasjonar. Nytt frå sentralstyret.

NB..Viktig at utgjøvingane ikkje bare blir meir regelmessige, men at dei blir fleire og!!!

VEDTATT AV SENTRALSTYRET

UNDERSØKELSE OM INTERNASJONALT ARBEID.

I forbindelse med undersøkelsen om internasjonalt arbeid utført av NKSere, ble det ikke framlagt bakgrunn eller forklaring av spørsmåletillinga. Dette er svært beklagelig, da forståelsen for undersøkinga kan bli minimal, og fordi medlemmene ikke uten videre vil forstå hva som rører seg i hodet på internasjonalt ansvarelig, eller hvordan denne undersøkinga kan bidra til fremme av et sterkt kommunistisk studentforbund.

Derfor:

1) Formålet med undersøkinga var å få kartlagt vår basis i internasjonalt arbeid, -både når det gjaldt bredden -og kvaliteten på kunnskapen og jobbinga vår sett utifra en kommunistisk synsvinkel.

Ved å kjenne bedre til ressursene våre på dette området, kan vi dermed nytte disse ressursene bedre, ved å bruke hvert enkelt medlem sine kunnskaper til fordel for hele organisasjonen.

Spørsmålene.

1) og 2) var av teknisk/statistisk art. Partistiden i HELE m-1 bevegelsen var mer interessant enn bare i NKS. En overføring av et parti/RU-medl. med mange år bak seg som organisert, vil dermed ikke bli registrert som en "ny" kader, ejl om overføringa skjedde nylig.

3) "Er du medlem i org."

Mange er medlemmer av organisasjoner uten å arbeide aktivt i dem. Det er et prioriteringsproblem for de fleste.

Årsaker til medlemskap kan være av rein solidarisk art, eller av spesielle interesser innenfor et felt. Felles for alla medlemmer, er at de som regel får tilgang, og leser mer om saken, enn ikke-medlemmer.

4) "Hvilke"

Rett åg slett for å få vite hvor våre medlemmer i all hovedsak er medlemmer.

5) "Arbeider du aktivt."

Egentlig kjerna i hele undersøkinga. Folk som aktivt jobber med spesielle saker, veit mye, og holder seg ofte svært ajour med hva som skjer. De ressursene disse kameratene dermed har, er det viktig at NKS utnytter i størst mulig grad.

6) "Hvilke org. -med hva."

-Har vi f.eks med oss en kvinneekspert fra Afghanistan-komiteen, -eller en som tar imot og organiserer nye studenter fra 3.verden her i Norge. Har vi medlemmer som kunne uttale seg om den siste utviklinga på Filippinene. Hvem kan lære oss mer om tema X, eller Y.

7) "Hvor mye tid. i forhold til IK/verving."

IK/verving er hovedprioritert for tida. Det er ikke internasjonalt arbeid. En som "legger ned sjela si" i internasjonalt arbeid, gjør at vi må vurdere dispensasjon fra hovedoppgava. -Hvis de ikke itillegg driver med IK-i "normale" mengder.

Desuten har disse kameratene kunnskap som må pres. En kan også trekke inn vurderinger for vervearbeidet i dette arbeidet -erlig hvis aktiviteten er lagt til lærstedet.

8) "Hvaeslags kvalifikasjoner....."
Her var det helbom...Trykkfeil.OBS.OBS.

"Hvaeslags kvalifikasjoner mener du at du har på det du har skrevet under pkt3-tre-3-tre-3-3-3..."-skulle det ha vært.
(Det sto 6)

Jeg tok som utgangspunkt at hvis en har spesielt peiling på et område, så er en gjerne medlem i dertil tilhørende organisasjon e.l.

Intenjonen var å få fra egenvurderinger på sine kvalifikasjoner på internasjonale områder. Hvis en mener at en har gode kunnskaper om Afghanistan - uten å være med i Afghanistankom. er det sjølsagt helt greit å sette opp det. Egenvurderingene er viktige med hensyn til hele ene politiske jobbing. Dessuten kan det vært o.k. å vite at et sommerleirseminar om Nord-Irland går i boks, da vi har eksperter i Trøndelag.

Så var det skjemaet. Et eks.: Du er med i i) Irlandekomiteen, ii) Pal.kom., og iii) SOS-rasisme, samt iv) Afgh.kom. Irlandespørsmålet ppptar mesteparten av tida di, du har vært der flere ganger og holder av og til lysbildeforedrag. Pal.Kom. jobba du aktivt i før. du har glidd litt ut av det mest intense arbeidet, men er temmelig bra informert om hva som til enhver tid skjer der. SOS-rasisme meldte du deg inn i på en demonstrasjon. Du følger godt med i hva som står i medlemsbladet, og har en helt klar mening om frasieme-debatten som har gått i Materialisten og medlemsbladet. Afgha.kom. er du medlem i, men jobber ikke der. Sant og så så blir det lite lesing i bladet også. Du er altså "solidaritetsmedlem", men vet knapt hva "sjuparti-alliansen" er for noe.

Skjemaet ville kanskje se sånn ut:

I	i) Irland-kom.				x
	ii) Pal.kom.				xx
	iii) SOS-ras.				xxx
	iv) Afgh.kom.			xx	
					1234

Dat er lov med halvgarderinger!

- 1) Altå et medlem, men ingen umiddelbar ressur. (Kanskje reinere.)
- 2) Endel kunnskap, men også endel hull. Kan likevel bi stå endel på dette område.
- 3) Bra kunnskap som kan nyttiggjøres, særlig i samarbeid med flere.
- 4) Mye kunnskap. Nok til å holde både interne og eksterne møter. Kan også fungere som en informant / uttaler til ledelsen iforb. med eksterne uttalelser.

Dette er et forsøk på å få igang et systematisk arbeid når det gjelder internasjonale spørsmål. Det er viktig at det ikke blir med denne undersøkinga. Bruk 4.mai til å komme med reaksjoner. Bruk 4.mai til å komme med nye ideer. Bruk 4.mai til å informere oss om hva du veit, som ikke vi veit, og som vi burde vite. BRUK 4.MAI.

Internasjonalt Ansvarlig, G. Er

HAR AKP SKIFTA LØP?

AV ANNE LISE

JAHN ARNE OLSEN HAR I SOMMAR SKRIVE EIN ARTIKKEL I KK KALT "KAN AKP SKIFTE LØP". DENNE ARTIKKELEN MA EIN TA ALVORLEG. NESTE ÅR ER DET TRULEG LANDSMØTE I PARTIET, OG MYKJE KAN TYDE PÅ AT DETTE ER EIN SLAGS "FØLER" FRÅ LEIANDE FOLK SI SIDE. SJELDEN KJEM DET DESSUTAN SÅ KLÅRE MELDINGAR OM SÅ AVGJERANDE ORGANISATORISK-POLITISKE SPØRSMÅL FRÅ DEN KANTEN.

DETTE ÅRET HAR AKP GITT UT EI NY STUDIESIRKEL-BOK. DÅ EG, SOM SIRKELLEIAR I NKS, LESTE GJENNOM HO, BLEI EG SKUFFA OG LITT REDD. KVA SLAGS BOK VAR DETTE Å HALDE SIRKEL KRING? EIN BURDE VERE SÅRS SKOLERT SJØLV FOR Å KUNNE FA TIL EIN SKIKKELEG DEBATT PÅ SIRKELEN.

DEN NYE BOKA ER EIT SLAGS OPPGJER MED DEN "GAMLE", SOM MANGE MEINTE VAR FOR TEORETISK. DEN NYE(KALT "BLI MED I AKP(M-L)) SKULLE BLI MEIR LETTFATTELEG OG TILGJENGELEG FOR FOLK SOM IKKJE HADDE NYTTA UNGDOMSTIDA SI TIL STUDIAR I KLASSIKARANE. HO SKULLE ÓG VERE MEIR FANCY I UTFORMINGA, FOR SLIK VIL FOLK HA DET NO. UTFORMINGA ER DA OGSÅ BLITT GREI NOK. HO ER SVART, ROSA OG GRØNN MED MANGE BILETE OG MINDRE TEKST I STØRRE TYPAR.

PROBLEMET ER INNHALDET ELLER MANGELN PÅ INNHOLD. NÅR EIN ARRANGERER SIRKEL, ER MÅLET Å VERVE FOLK TIL NKS. NKS ER EIN KOMMUNISTISK ORGANISASJON. TEORETISK SKOLERING OG FOSTRING ER NØDVENDEGE ELEMENT I ARBEIDET MED Å VINNE FOLK FOR M-L-M. FOLK SOM VIL BLI MED I NKS TAR SOM OFTAST STILLING TIL GRUNNLEGGANDE TEORETISKE SPØRSMÅL. DEI TAR EIT AVGJERANDE VAL, SOM VIL PREGE LIVA DEIRA FRAMOVER. DEI BLIR MED PÅ SIRKEL M.A. FOR Å FÅ DISKUTERE SLIKE POLITISKE SPØRSMÅL.

KVA HAR VI Å TILBY SIRKELDELTAKARANE VARE?

- 1/3 SIDE OM DEN HISTORISKE MATERIALISMEN
- EI LISTE OVER DEI 10 RIKASTE FOLKA I NOREG SAMT EIN
OVERSIKT OVER STORLEIKEN PÅ NORSKE GARDAR
- SÅRS LITE POLITISK ØKONOMI

DETTE VAR BERRE NOKRE FÅ DØME PÅ AT KVALITETEN PÅ DET MATERIALET SOM VI NYTTAR SOM HOVDGRUNNLAG FOR VERVINGA VAR PÅ SIRKLAR, ER VESENTLEG REDUSERT. DEN FØRRIGE BOKA VAR I ALLE HØVE MEIR GRUNDIG PÅ DESSE SPØRSMÅLA. SJØLV OM HO OG HADDE SINE MANGLAR OG FEIL. (BRUK DEN GAMLE LIKEVEL!)

KVA HAR SÅ DETTE MED JAHN ARNE OLSEN SIN ARTIKKEL Å GJERE? ETTER MITT SYN GANSKE MYKJE FORDI OLSEN ER EIN LEIAND PARTIFIGUR. ARTIKKELEN VAR EIT SIGNAL FRÅ TOPPSJIKTET I PARTIET. STUDIEBOKA ER ÒG EIT SIGNAL. BÅDE PEIKAR I SAME RETNING:

OLSEN: - TRYGGINGSPOLITIKKEN TIL AKP VERKAR MOT SIN HENSIKT. VI LEVER I 80-ÅRA - FOLK FORSTÅR IKKJE SLIKT.
- NO MÅ FOLK FORSTÅ AT DET ER PARLAMENTARISK ARBEID SOM ER TINGEN. HER MÅ VI SATSE KREFTENE. KVIFOR IKKJE TA I BRUK BORGARLEGE ORGANISASJONSPRINSIPP, SOM T.D. Å SPARKE LEIAREN ETTER EIN FADESE. (HER NEMNER OLSEN K. ERICSSON SOM DEN SOM BURDE SPARKAST, MEDAN DET VAR OLSEN SITT PARTI SOM STO FOR "MØKKA"-VALET I 1985)

BOKA: - DET ER PÅ TIDE AT VI REVURDERER DET TEORETISKE GRUNNLAGET VÅRT. VI KAN IKKJE VERVE FOLK PÅ STUDIAR I KLASSIKARANE. VI MÅ GJERE DET ENKELT FOR FOLK Å BLI MED I AKP. VI ER I EIN VANSKELEG SITUASJON OG TRENG EIT STORT TILSIG. DET ER NØDT TIL Å STYRE VERVEPOLITIKKEN VÅR.

DET ER MULEG EG VULGARISERER. MEN DETTE ER MI TOLKING AV INNHALDET I DEI TO SKRIFTA. EG LURER PÅ FØLGJANDE:

- ER IKKJE Lenger ML-RØRSLA EIN TRUGSEL MOT BORGARSKAPET? MEINER OLSEN OG ANDRE AT VILKARA FOR Å PRAKTISERE EIN STRAM TRYGGINGSPOLITIKK IKKJE Lenger ER TIL STADES. ELLER HAR TRYGGINGSLINJA HEILE TIDA VORE FEIL?
- KVA ER DET VI VERVAR IIL HAR VORE DISKUTERT I NKS I EI TID. MEN KVA ER DET VI VERVAR PÅ? ER SLIKE SPØRSMÅL SOM SV TYKJER ER VIKTIGE(LØNA TIL DIREKTØREN T.D.) BLITT SÅ VIKTIGE AT POLITISK ØKONOMI MÅ VIKE Plassen FOR DEI I BOKA?
- KVA KALLER VI EIT PARTI SOM BERRE DRIV PARLAMENTARISK ARBEID OG GRUNNGIR DET MED AT DET ER DER EIN FÅR GJORT NOKO?

HALLOOOO KALLE , KAN DU HØYRE MEG ???

Her kjem det eit lite hjartesukk frå ein av dei mange (?) lesarane av 4. mai nr 3/87.

Eg starta ed friskt mot,og gikk laus på innlegget til Kalle. Eg måtte bryte av mange gongar,men eg kom meg igjennom.(;)Kjære Kalle. Eg trur du har gått deg vill langt inne i skogen. Det kan vera at du kom med viktige og bra poeng i det du skreiv,men dei forsvann i så fall i alle orda du brukte.. Dessutan hang eg meg opp i alle dei opplysningane du kom med ,som eg ærleg talt trudde hørte heime i sentralstyret-og berre der. (Du er jo med i sentralstyret sjølv, og kan retta på meg dersom eg tar feil.)

Nok om det. Eg orkar ikkje å gå igjennom innlegget ditt punkt for punkt Dessutan er ikkje medkameratar i NKS tent med den typen 20 siders einetale. Inntrykket mitt er at du uttrykker ein personleg frustrasjon, i stadenfor å komma med eit politisk debattinnlegg. Du har kanskje gode grunnar til å vera frustrert (eg har høyrte om eit heller hardt landsmøte;vi er i mindretal i Noreg førebels alle saman,og du er kanskje i mindretal på mange av dei politiske syna dine i NKS)

Eg er og frustrert innimellom,men prøver å skille mine personlege frustrasjonar som kan drive gøtse ut av folk frå nødvendige politiske diskusjonar og kampar. Det er nødvendig å ha ein kameratsleg stil for å ikkje slå ut folk.

Kom deg ut av skogen Kalle, og bli med på å bygge eit stort og bra NKS. I motsetnad til deg,trur eg at sjansane til å få til det er større enn på lenge. Først og fremst på grunn av studentaksjonane... La oss diskutera og gi kvarandre og leiinga kameratsleg kritikk (både positiv og negativ) i 4. mai,men la frustrasjonane få utløp andre stader. Åndeleg søppelet bygger oss ikkje opp -det bryt oss ned. Det er vel ikkje det du vil Kalle?

Av Line
Oslo

ANTON: ML RØRSLA IDAG...

Nokre medlem i NKS er av den meininga at medan det rår krisetider i -nks, er -AKP i framgang. Ei slik oppfatning kan vi mellom anna lese i Kalle sitt enorme innlegg i forrige nummer. Ei slik oppfatning må skuldast ein for dårleg kjennskap til AKP, og at NKS i for lita grad diskuterer utviklinga i heile ml-rørsla i Noreg og viktige politiske spørsmål utanom interessekamp.

Eg vil påstå at det rår ei krise i heile ml-bevegelsen, kor krisa i AKP er den viktigaste faktoren overordna ungdomsorganisasjonane. Vidare er krisa i partiet og den viktigaste årsaken til krisa i dei andre ml-organisasjonane. Krisa i partiet er politisk og organisatorisk. Eg vil grunngje synet mitt med døma under.

1. For eit kommunistisk parti som skal vinna folk for sosialismen, er det særst viktig å ha eit avklåra syn på kva sosialisme er. AKP sitt offisielle standpunkt til Kina idag er at det er eit sosialistisk land. Eg og mange andre meiner at Kina er kapitalistisk. I AKP er det stor usemje om dette. Mellom 1/4 og 1/5 av jorda sin befolkning bur i Kina. Ein diskusjon om Kina burde vært og må prioriterast høgare, og partiet er nøydd å ta klar stilling etter diskusjonen.
2. Partiet har lagt seg på ein altfor defensiv haldning i spørsmålet om væpna revolusjon og partiet si rolle i eit sosialistisk samfunn, og formidler illusjonar om sosialismen. Døme på dette er:
 - Syn som "væpna revolusjon er ei defensiv handling frå folket avdi borgarskapet angrip dei med valdsapparatet," Ei slik line vil hindre folkevæpning og offensive handlingar av arbeidarklassen mot borgarstyret. Ein væpna revolusjon må vera ei offensiv handling for å styrte det borgarlege diktaturet og innføre proletariatet sitt diktatur. Å hevde at at væpna revolusjon må vere ei defensiv handling er ei opportunistisk linje.
 - I RV sitt program slår ein fast at det skal vere eit fleirpartisystem under sosialismen. Dette kan berre tolkast som ein skepsis til kommunistpartiet, som blir propagandert ved å stadfeste parlamentarisme under sosialismen.
 - RV går vidare inn for domstolar uavhengig av staten og partiet under sosialismen. Kva slags domstolar er dette ?
3. I arbeidet med "Fri og uavhengig fagbevegelse" går partiet prinsippielt imot eit samkvem mellom eit parti og fagrørsla, og ikkje imot arbeiderpartiet avdi det er eit borgarleg parti !" Eg vonar at fagrørsla vil ha samkvem med kommunistpartiet i eit sosialistisk samfunn. Korleis skal elles partiet vera arbeidarklassen si fortropp ? PARTIET SI LINE I "FUF" bygger ikkje opp ein skepsis berre til DNA, men til samarbeid med parti overhode.

4. I partiet blir altfor mange linjespørsmål avgjorte i frontane, av dei parti medlemmane som jobber der. Dette har og prega NKS, men ikkje i så stor grad i det siste. Ein slik praksis undergrev demokratiet i partiet, i og med at medlemmane ikkje er med på å diskutere eller vedta viktige linjespørsmål. Ein slik praksis kan og føre til feile linjer i frontarbeidet. Dømer:
- RV står for ei sosialdemokratisk linje i skattespørsmålet. Dei fremjer forslag om rentetak og høgare skatt "for dei med høge renteutgifter" samstundes som dei krev at dette ikkje må ramme dei med høge bolig- og studielån. Slike krav gjer inntrykk av at staten berre er eit forvaltningsorgan og fordelingsapparat, som treng inntektene for å byggje sjukehus, skolar m.m. Dersom RV sitt program hadde blitt innført i dag, ville det vore avdi det ramma vanlege folk, ikkje avdi det ramma borgarskapet. RV har lagt seg på sosialdemokratane sine premisser i skattedebatten i staden for å reise spørsmålet om kven som skal rå over meirverdien som blir skapt.
 - RV gjorde eit linjeskifte i spørsmålet om Nord-Noregbanen utan at partiet hadde diskutert det på førehand. (Eg seier ikkje at linjeskiftet var gale)
 - På Afghanistankomiteen sitt landsmøte vart det skifta linje i spørsmålet om kor sentralt våpenstøtte til Afghanistan er. Dette vart heller ikkje diskutert i partiet på førehand.
5. Partimedlemmer som arbeider med fagleg politikk står utad med ulike linjer i kamen om arbeidsplassar og lønnskrav. Eit grovt døme er overtakinga av BMV med Kjell Høybråten, som den gangen var ein sentral AKP- medlem i spissen.
6. Av fleire partimedlemmer har eg fått inntrykk at passive medlemmer og lag som ikkje fungerer er eit enda større problem i partiet enn i NKS. Eg veit og at utmeldingsfrekvensen er høg, særleg blant dei nye medlemmane i partiet. Medlemstalet er synkande.
7. Ungdomsarbeidet er særleg viktig om partiet skal overleve, og ikkje berre ende opp med eit pensjonistopprør i 2013. Dette arbeidet blir forsømt. I staden for å styrke og støtte ungdomsorganisasjonene "stel" dei ressurspersonar i NKS og brukar dei til parti-oppgåver, og held fram rekrutterte studentar so "ikkje er interesserte i astudentpolitikk" som eksempler på nyverva folk.

8. Sikkerhetsarbeidet er meir og meir forsømt. Særleg er praksisen i Klassekampen og på partikontoret i Oslo grov. Her er det både utstrakt bruk av telefon og namn. Partiet, NKS og RU sine interne spørsmål blir diskutert, og med uorganiserte tilstades. Slik praksis er ikkje berre sikkerhetsmessig ein risk, men og udemokratisk og fraksjonistisk. Konkrete døme kan skaffast, men eg meiner det er viktigare med ei innskjerping enn ei uthenging.

Sjølvsagt finst det og dømer på positive hendingar og framgang. T.d. er det ikkje tvil om at det har vore framgang i det kvinnepolitiske arbeidet. Men hovedsida er krise og tilbakegang i partiet. Eg vonar dette innlegget kan bidra til ein

debatt om desse forholdsda i ml-rørsla i Noreg. Eg vonar og at Kalle tar stilling til mi påstand om at det ikkje er slik at krisa er i NKS, medan partiet er i framgang, men at det er ein klar samanheng. I staden for å svartmale støda, slik du gjer, må vi gå inn på konkrete dømer, og analysere ut frå dei, ikkje prøve å få terrenget til å passe det kartet vi har laga oss på forhand.



**OPERA! - STUDENTI
UNITI SI VINCE**

Årsmøtet i Oslo NKS

ÅRSMØTET I OSLO ER OVER - HALD FRAM MED DEBATTANE !

Årsmøtet i Oslo NKS gjekk av stabelen i slutten av vårsemestret. Det var to saker til handsaming: Årsmeldinga og dei revolusjonære intellektuelle si rolle. Debatten gjekk høgt, ikkje minst takka vere den "skruen" Kalle ga debatten i førre nummer av 4.mai.

Vi trykker samtlege vedtak frå årsmøtet her i 4.mai, slik at folk kan demme om dem sjølve. For 4 av dei som kom i mindretal, var desse vedtaka utslagsgjevande for at dei melde seg ut av NKS. Medlemmane kan jamnføre utmeldingsskrivet med årsmøtevedtaka, og på det viset teste påstandane til dei utmelde.

Vi trykker også eit av dei nedstemte framlegga frå årsmøtet. Dette framlegget gir klårt uttrykk for den eine sida i debatten rundt årsmøtet. Slik sett tener det til å drive fram debatten i laga og her i 4.mai.

Debatten under vignetten "dei intellektuelle si rolle" er viktig av fleire grunnar. Den går på studentrolla av idag: Kan vi jamnstelle oss med forskarar, kunstnarar osv ? Den går på tilhøvet mellom arbeidarklassen og dei intellektuelle: Skal dei intellektuelle underordne seg leiinga til arbeidarklassen eller ikkje? Skal einheitsfronten vere på arbeidarklassen sine premisser ?

Debatten går vidare på fagkritikken sin plass i arbeidet til NKS som organisasjon, og på tilhøvet mellom oss å utvikla politikk for dagskampen og studiet av den revolusjonære teorien. Debatten går også på tileigning av kunnskap og praksis-kriteriet: Kva er den viktigaste kilden til viten om søyndomen ?

Vi vonar at mange hiver seg over skrivemaskinen for å ytra seg både i denne debatten og debatten om NKS sin organisasjonsmodell i dei neste nummera av 4.mai.

OSLO-ANSVARLEG.

VEDTAK FRÅ ÅRSMØTET I OSLO NKS.

Følgjande 7 punkt vart vedteke med omsyn til årsmølinga for Oslo NKS:

1. Årsmøtet mener at det i den nåværende situasjonen er viktig å
 - a) holde seg til kjennsgjerningene mht. NKS sin praksis, organisasjonsutvikling og politikk, og mht. de argumentene som blir framført i linjekampene. Hverken skjønning eller svartmaling tjener oppgava med å styrke forbundet. I dagens situasjon representerer svartmalinga den største faren på dette området.
 - b) holde fast ved ønsket om et mer enhetlig og slagkraftig studentforbund når man deltar i de interne kampene i NKS.
2. Landsmøtet er NKS sitt høgeste organ. Vedtaka fra landsmøtet og den landsmøtevalgte ledelsen må nødvendigvis ligge til grunn for arbeidet med å styrke Oslo NKS i den kommende perioden. Samtidig er det viktig å komme vidare på diskusjonene om NKS sine særegne oppgaver, de intellektuelles rolle i klassekampen og innholdet i organisasjonsmodellen. En fastlåsing av argumentasjonen fra landsmøtebevegelsen vil hindre den nødvendige videreutviklinga av NKS.
3. NKS har i all hovedsak utført et bra arbeid i forbindelse med studentopprøret i Oslo. Vi har bidratt med politiske linjer for hvordan kampen skulle føres og hvilken plattform aksjonen skulle stå på, samtidig som vi har bidratt med analyser av statens strategi for høgere utdanning og perspektivet for kampen.

Gjennom dette arbeidet har vi klart å spille en ledende rolle i Oslo-opprøret. Det er imidlertid en stor mangel at NKS i alt for liten grad har stått fram med en offensiv ekstern markering som organisasjon. Dette har i det alt vesentlige blitt overlatt til enkeltpersoner. Det er også en viktig svakhet at vi har kommet kort med å trekke inn kvinneperspektivet i Universitetskampen.

4. NKS har klart å vinne tillit i studentmassen ved UiO, og står som eneste organiserte element i spissen for opprøret i Oslo så langt. Dette innebærer at vi idag har et større omland enn på mange år, og vervepotensialet er betydelig.

Dette potensialet står imidlertid i skarp kontrast til det reelle ververesultatet så langt. Det må være en hovedoppgave for Oslo NKS å rette på dette misforholdet fra høsten.

